



Kommunal- og
moderniseringsdepartementet

Rettleiar

Universell utforming i planlegging



Innleiing

Verdigrunnlaget for universell utforming er å leggje til rette for at alle skal ha like muligheter for personleg utvikling, å delta i samfunnet og utfalde seg i livet.

Samfunns- og arealplanlegginga er eit viktig verkemiddel for å oppnå dette. Vi har alle eit ansvar for å bidra til eit likestilt og likeverdig samfunn der alle kan vere med. Det handlar om at desse verdiane ligg som ein premiss: før tankane er tenkt, før planane er lagde, og før streka er teikna. Konsepta skal byggje på og hegne om inkludering og likeverd. For alle. Kort og godt.

Med denne publikasjonen ønskjer vi å rette merksemda mot og auke medvitet om korleis planlegging kan bidra til eit universelt utforma samfunn. Dette gjer vi blant anna ved å oppfordre til refleksjon og vurderingar undervegs i planprosessane. Vi viser også eksempel på korleis omsynet til universell utforming er teke i vare i ulike plantypar.

Vi håper rettleiinga vil vere til inspirasjon og nytte.

Oslo, juni 2021

Innhald

Innleiing	2
1 Det gode liv for alle gjennom universell utforming.....	5
1.1 Behov for kompetanse, kreativitet og samarbeid	5
1.2 Agenda 2030 og berekraftsmåla.....	5
2 Definisjonar av universell utforming	7
3 Universell utforming i planar og planlegging	8
3.1 Universell utforming i plan- og bygningslova	8
3.2 Universell utforming i alt nytt, oppgradering av det eksisterande.....	8
3.3 Krav til plankart	9
3.3.1 Plankart og omsynet til universell utforming	9
3.4 Oppgåver, myndighet og omsyn	10
3.5 Planprogram, planbeskriving og konsekvensutgreiing	10
3.5.1 Planprogram.....	10
3.5.2 Planbeskriving med konsekvensutgreiing	11
3.6 Medverknad	12
3.6.1 Medverknad frå alle sektorar for gode universelle løysingar	12
3.6.2 Råd for personar med funksjonsnedsetjing	12
3.6.3 Medverknad frå dei som planen vedkjem	13
3.6.4 Om regionalt planforum	13
3.7 Motsegner grunngitte i universell utforming.....	13
3.8 Forholdet til forvaltningslova og klage.....	14
3.9 Nasjonale forventningar og statlege planretningslinjer	14
4 Regionale planoppgåver, planar og rettleiing.....	15
4.1 Regional planstrategi	15
4.1.1 Aktuelle vurderinger i arbeidet med regional planstrategi	15
4.1.2 Planprogram.....	16
4.1.3 Regional plan og handlingsprogram	16
4.1.4 Eksempel: universell utforming teken i vare i regionale planar	17
5 Kommunal planlegging	18
5.1 Kommunal planstrategi	18
5.1.1 Aktuelle vurderinger i arbeidet med kommunal planstrategi.....	19
5.1.2 Eksempel: universell utforming i planstrategiar	19
5.2 Kommunedelplanar, temaplanar og strategiar	21
5.3 Samfunnsdelen i kommuneplanen	21
5.3.1 Aktuelle vurderinger – samfunnsdelen i kommuneplanen	22
5.3.2 Eksempel: universell utforming i samfunnsdelen i kommuneplanen	22
5.4 Arealdelen i kommuneplanen.....	24
5.4.1 Føresegner i arealdelen av kommuneplanen	24
5.4.2 Utbyggingsavtalar	25
5.4.3 Aktuelle vurderinger: arealdelen i kommuneplanen	25
5.4.4 Eksempel: universell utforming i arealdelen i kommuneplanen.....	25

5.5	Reguleringsplanar.....	29
5.5.1	Planprogram.....	29
5.5.2	Planbeskriving og konsekvensutgreiing	29
5.5.3	Føresegner til bruk i reguleringsplanar.....	29
5.5.4	Aktuelle vurderingstema – reguleringsplanar.....	30
5.5.5	Eksempel: universell utforming i reguleringsplanar.....	30
6	Frå plan til byggjesak	34
7	Universell utforming bidreg til å nå bærekraftsmåla	35
8	Konvensjonar, direktiv mv. om universell utforming – planlegging	36
8.1	FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne	36
8.2	Lov om likestilling og forbud mot diskriminering	36
8.3	Lov om kommuner og fylkeskommuner	37
9	Kartleggingsmetodar og rettleiingar.....	38

1 Det gode liv for alle gjennom universell utforming

Universell utforming handlar om gode liv for alle og eit samfunn som er brukande for alle.

Om at dei som bruker rullator, skal kunne gå til butikken sjølve, og dei som treng rullestol, skal komme seg til jobben. Om at alle barn skal kunne gå på nærskolen sin. Om at ho som brekte leggen på fotballkamp, kan gå på skolen sin sjølv om beinet er i gips. Om at han med spesielle behov skal kunne halde fram på den nærmaste ungdomsskolen og kunne gå på den vidaregåande skolen han ønskjer å gå på. Om at han som har tvillingar, kjem seg fram med barnevogna dit han skal. Det handlar om at dei som ser eller hører dårleg, eller kanskje ikkje i det heile, kan bruke omgivnadene til å orientere seg og finne vegen. At bygningar, gater, plassar og parkar er planlagde som trygge og leselege – som brukande.

Det er ikkje lenge sidan at alle fortauskantar var 10 cm høge eller trapper blei bygde utan alternative løysingar med rampe eller heis – at vi ikkje var medvitne om den breie verktøykassa av verkemiddel vi har som planleggjarar og prosjekterande. Det handlar om korleis alle kan bruke omgivnadene sine: frå overordna vurderingar av plassering, samanheng og planløysing til detaljar som valet av materialar, korleis det er tilplanta, tekstur og fargar.

1.1 Behov for kompetanse, kreativitet og samarbeid

Universell utforming føreset innsikt hos politikarar, planleggjarar og utbyggjarar. Det føreset kompetanse og kreativitet hos planleggjarar og prosjekterande. Ein må forstå kvifor dette er viktig, kva som er målet, og kva verktøy ein har for å få det til. For å skape det gode samfunnet for alle, må alle gode krefter setjast inn: Samarbeidet mellom ulike fagfelt, planleggjar og økonomi må vere godt og breitt.

Ein person veit ikkje alt. Ein person kan ikkje gjere alt. Universell utforming er ikkje éi løysing eller ein utvald design. Derfor må mange tenkje saman, skape saman og utvikle saman.

Hensikta med rettleiinga er å bidra til å auke medvitet hos alle som planlegg og prosjekterer. Gjennom anbefalte vurderingar og ulike eksempel skal rettleiinga gi auka kunnskap og vere til inspirasjon om korleis ein gjennom planlegging kan bidra til eit deltakande og inkluderande samfunn for alle.

1.2 Agenda 2030 og berekraftsmåla

Agenda 2030 med dei 169 berekraftsmåla blei vedteke av FNs medlemsland i 2015 og er arbeidsplanen verda har for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane i fellesskap.

Eit sentralt prinsipp i 2030-agendaen er at ingen skal utelatast, «*Leave no one behind*». Det inneber at dei mest sårbare og marginaliserte menneska og gruppene i verda skal

inkluderast i utviklinga, også dei med permanent eller mellombels funksjonsnedsetjing. Universell utforming er derfor ein viktig føresetnad for å oppfylle berekraftsmåla. *Kapittel 7* gjer greie for korleis universell utforming av bygde omgivnader bidreg til å oppnå berekraftsmåla.

2 Definisjonar av universell utforming

FNs konvensjon om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne har følgjande definisjon av universell utforming:

«Utforming av produkter, omgivelser, program og tjenester på en slik måte at de kan brukes av alle mennesker, i så stor utstrekning som mulig, uten behov for tilpasning og en spesiell utforming.»

§ 17 i lov om likestilling og forbud mot diskriminering definerer universell utforming slik:

«Med universell utforming menes utforming eller tilrettelegging av hovedløsningen i de fysiske forholdene, inkludert informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), slik at virksomhetens alminnelige funksjoner kan benyttes av flest mulig, uavhengig av funksjonsnedsettelse.»

Lova vektlegg vidare at

«Offentlige og private virksomheter rettet mot allmennheten har plikt til universell utforming av virksomhetens alminnelige funksjoner (§ 17).»

3 Universell utforming i planar og planlegging

Ved å tenkje universell utforming kan ein gjennom planlegging skape løysingar som gjer det mogleg for alle å delta i samfunnet, uavhengig av livsfase og funksjonsnivå. Omsynet til personar som er følsame for ulike former for miljøpåverknad, som astmatikaren og allergikarar, skal også takast i vare når ein planlegg.

Gjennom å la alle dei dette vedkjem, delta i planlegginga får vi fram mangfaldet av brukarar. Slik blir det mogleg å ta omsyn til menneske i alle aldersgrupper og med ulike ferdigheter og ulik kapasitet, om dei har problem med rørsle, syn, hørsel eller forståing eller har nedsett toleranse for forureining og allergiframkallande stoff.

Det er eit mål i størst mogleg grad å ta i bruk arkitektoniske verkemiddel for å sikre universell utforming. Dette stiller krav til planlegging, oppfølging, gjennomføring og evaluering.

3.1 Universell utforming i plan- og bygningslova

For å sikre at omsynet til universell utforming blir teke i vare i all planlegging og byggjesaksbehandling, står følgjande i formålsparagrafen i plan- og bygningslova:

«Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planlegginga og krava til det enkelte byggetiltaket (§ 1-1 femte leddet).» Formålsparagrafen har betydning for tolkinga av dei enkelte føresegnene i lova og tilhøyrande forskrifter.

Løysingane skal også vere langsiktige (§ 1-1 fjerde leddet). Universell utforming i planlegging betyr løysingar som er funksjonelle, lett forståelige og brukande for alle. Universell utforming skal vere eit gjennomgående perspektiv i alle delar av planprosessane frå overordna plannivå til detaljnivå.

Krava og føresegnene i lova gjeld alle som fremjar planar.

3.2 Universell utforming i alt nytt, oppgradering av det eksisterande

Medvitet vårt og kunnskapen om kvifor vi skal ha universell utforming, og korleis vi tek i vare dette, er heldigvis betrakteleg heva dei siste åra. Alt nytt som blir planlagt og prosjektert, skal innfri krava til universell utforming. Vi diskuterer ikkje lenger om universell utforming er riktig, men vi diskuterer korleis vi får til dei beste løysingane.

I nye prosjekt skal dette løysast gjennom nettopp det omgrepet viser til: universelle løysingar slik at flest mogleg kan bruke dei, og løysingar som er ein integrert del av måten arkitekturen er utforma på.

I allereie bygde omgivnader er utfordringane likevel større, her har vi framleis eit langt ferret å bleikje for å sikre brukande omgivnader for flest mogleg. I mange tilfelle er det mogleg å oppgradere eksisterande bygg og infrastruktur slik at utforminga blir universell. Spesielt mange skolar er ikkje universelt utforma – og dette er ei utfordring som ligg til både kommunar og fylkeskommunar.

3.3 Krav til plankart

Plankarta er ein viktig del av arealplanane og gjeld både arealdelen i kommuneplanen og reguleringsplanar.

Definisjonen av ein reguleringsplan er at han er eit arealplankart med tilhøyrande beskriving og føresegner. Plankarta viser resultatet av vedtaka i kommunestyret. Karta skal kunne lesast på papir og skjerm.

Omtrent 7 % av alle menn og 0,5 % av alle kvinner er fargeblinde. Korleis skal dei da kunne sjå kva som er vedteke av kommunestyret?

Fleire føresegner til plan- og bygningslova fastset kva arealformål, omsynssoner, juridiske linjer o.a. som kan brukast i arealplanen. Desse føresegogene er utdjupa i forskrifter om kart, stadfesta informasjon, arealformål og kommunalt planregister (kart- og planforskrifta).

I Noreg har vi lenge hatt ein felles standard for korleis plankart skal framstillast, med gjennomgåande fargar og symbol for alle plantypar. Det gjer at det er lett å samanlikne mellom gamle og nye kart og mellom kommuneplanar og reguleringsplanar. Kart- og planforskrifta stiller krav om korleis ein plan skal framstillast teknisk, sjå §§ 9 og 10. Desse tekniske krava er fastsette i nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister. I produktspesifikasjonen er krava til kartografi, som farge, skravering og linjer, gitte med omsyn til fargeblinde.

3.3.1 Plankart og omsynet til universell utforming

Krava i kart- og planforskrifta og nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister er derfor svært viktige å følgje av omsyn til universell utforming. Samtidig er skiljet mellom dei ulike fargane, skraveringane og linjene til hjelpe for alle for å forstå kva kommunestyret har vedteke. Vidare er å bruke feltkodar nyttig for å forklare kva areala skal brukast til.

Veileder til forskrift 26. juni 2009 nr. 861 om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister (kart- og planforskriften) har meir informasjon om den tekniske framstillinga av kartet til arealplanar.

Papirkart kan av og til bli vanskelege å forstå fordi det blir presentert mykje informasjon på ein gong. Digitale kart er lettare å lese (har betre lesbarheit) fordi informasjonen kan delast opp, målestokken kan endrast, og det kan leggjast inn direkte lenkje til føresegner. Det blir stadig arbeidd med å forbetre dei digitale løysingane for kartframstilling av planar.

3.4 Oppgåver, myndigkeit og omsyn

Planar skal etter plan- og bygningslova § 3-1 første ledet punkt e) leggje til rette for god forming av bygde omgivnader, gode bumiljø og gode oppvekst- og levekår i alle delar av landet. Vidare skal planar etter første ledet bokstaven f) fremje folkehelsa og motverke sosiale helseforskellar. Å leggje omsynet til universell utforming til grunn i all planlegging er i tråd med desse krava.

Alle offentlege organ har rett og plikt til å delta i planlegginga. Sjå meir i 3.6.1.

Statsforvaltaren skal sjå til at kommunane oppfyller plikta til planlegging etter lova. Regional planmyndigkeit skal rettleie og hjelpe kommunane i planleggingsoppgåvene deira. Mange statsforvaltarar og fylkeskommunar arrangerer plankonferansar eller nettverk for kommunane om planlegging der dei orienterer om ulike plan tema og gir rettleiing i korleis gjennomføre planlegging.

3.5 Planprogram, planbeskriving og konsekvensutgreiing

Nokon av dei innleiande føreseggnene i lova handlar om generelle utgreingskrav for regionale og kommunale planar. For planar som er omfatta av krava om planprogram og konsekvensutgreiing, gir forskrifa om konsekvensutgreiingar utfyllande føresegner. Planprogram skal utarbeidast for alle regionale planar, kommuneplanar og reguleringsplanar som kan få vesentlege utslag for miljø og samfunn. Forskrifta om konsekvensutgreiingar gir utfyllande føresegner om planprogram.

3.5.1 Planprogram

For alle regionale planar og kommuneplanar og for reguleringsplanar som kan få vesentlege utslag for miljø og samfunn, skal det utarbeidast eit planprogram slik det står i plan- og bygningslova § 4-1.

Planprogrammet skal beskrive formålet med planarbeidet, beskrive planprosessen med framdriftsplan og opplegg for medverknad, spesielt overfor grupper ein går ut frå dette vil vedkomme spesielt. Det er viktig å involvere grupper som råd for personar med funksjonsnedsetjingar og eldrerådet i prosessen, og slik kan rådet avtale med kommunen når i planprosessen det skal trekkest inn og gi høyringsutsegner.

Plan- og bygningslova § 4-1 seier vidare at forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn normalt samtidig med varsel om oppstart og kunngjering av planarbeidet. Fristen for å gi utsegn skal vere minst seks veker. Høyringa er viktig for at myndigheter og interesser som dette får følgjer for, får oversikta over aktuelle problemstillingar, behov for kartlegging og utgreiing og korleis planforslaget påverkar interessene deira. Målet er å gi anledning til tidleg medverknad, god informasjon og dialog og ein føreseieleg prosess for alle involverte.

Dersom regionale og statlege myndigheter dette vedkjem, på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn, skal dette gå fram av utsegna til forslaget til planprogram (§ 4-1 siste ledet).

Forskrifta om konsekvensutgreiingar (KU-forskrifta 2017) gir utfyllande føresegner om krav til planprogram. Etter forskrifta skal det i planprogrammet omtalast kva forhold som skal

greiast ut, og kva metodar som er tenkt brukte for å skaffe nødvendig kunnskap. Dette omfattar viktige tema og problemstillingar som vil vere aktuelle i den konkrete saka, og som vidare skal beskrivast og vurderast i konsekvensutgreiinga. «Tilgjengelighet for alle til uteområder og gang- og sykkelveinett» er eit utgreiingstema som blir lista opp i § 21. Dersom ein går ut frå at planforslaget kan få konsekvensar for forhold som går på tilgjenge og universell utforming, bør det i planprogrammet omtala korleis dette skal gjerast greie for i konsekvensutgreiinga.

3.5.2 Planbeskriving med konsekvensutgreiing

Alle forslag til planar skal etter lova ha ei planbeskriving som beskriv formål med planen, hovudinnhaldet og verknader planen kan ha, og korleis forholdet er mellom planen og rammene og retningslinjene som gjeld for området, jf. § 4-2. Planbeskrivinga bør omtale korleis ein skal ta i vare universell utforming i planforslaget og eventuelt i påfølgjande byggjesak.

For regionale planar og kommuneplanar med nye utbyggingsområde og for reguleringsplanar som kan få vesentlege utslag for miljø og samfunn, skal planbeskrivinga gi ei særskild vurdering og beskriving – ei konsekvensutgreiing – av utsлага planen har for miljø og samfunn. Konsekvensutgreiinga skal tydeleg skiljast ut som ein eigen del av planbeskrivinga.

I arbeidet med konsekvensutgreiing skal ein systematisk gå gjennom og identifisere den kunnskapen som ligg føre om forhold utgreiinga kan vedkomme. § 21 i KU-forskrifta listar opp ei rekke forhold som skal identifiserast og greiast ut der det er nødvendig. «Tilgjengelighet for alle til friområder og gang- og sykkelveinett» er eit forhold som skal greiast ut dersom tilgjenget blir vesentleg minska. Etter forskrifta bør ein derfor vurdere om planforslaget vil få konsekvensar for tilgjenget menneske har til uteområde og gang- og sykkelvegar, og eventuelt gjere greie for desse utsлага og løysingar for å unngå dei.

Lista i § 21 i KU-forskrifta er ikkje uttømmande, og i enkelte saker kan andre problemstillingar vere relevante å sjå nærmare på. For eksempel kan det vere naturleg med særlege vurderinger av forhold som har med universell utforming å gjøre, i planar som skal leggje til rette for skysstasjonar, trafikknutepunkt, større parkanlegg eller torg.

I andre tilfelle kan omfanget av behov for utgreiing av eit tema variere ut frå konfliktsituasjon. Dersom eit sentrumsområde med eldre bygnad skal regulerast, vil omsynet til kulturminne og omsynet til universell utforming vere forhold som må avvegast nøyne. Dette må speglast av i konsekvensutgreiinga, der det bør gjerast ei særskild vurdering av og givast ei utgreiing av konsekvensar planforslaget har for universell utforming.

Hensikta med utgreiinga er at ein ved vedtak av planen skal ta tilbørleg omsyn til dei vurderingane som er gjorde, i dette tilfellet vurdering av konsekvensane planforslaget har for universell utforming.

Departementet har gitt ut fleire *rettleiingar om konsekvensutgreiingar*.

3.6 Medverknad

Intensjonen i plan- og bygningslova er at planlegginga skal vere transparent, open og sikre medverknad. I formålsparagrafen 1-1 fjerde ledet er dette presisert slik:

«Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter.»

Tidleg og god involvering sikrar at vi får synleggjort relevant kunnskap og viktige interesser. Det vil gi eit betre grunnlag for interesseavvegning og styrke planlegginga som demokratisk arena. Det vil òg kunne medverke til å redusere konfliktnivået og heve kvaliteten på planane.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har gitt ut ei eiga *rettleiling* om medverknad.

3.6.1 Medverknad frå alle sektorar for gode universelle løysingar

Alle sektorar/verksemder i kommunen og fylkeskommunen må delta i planlegginga heilt frå starten av planprosessen for å sikre dei gode universelt utforma løysingane.

Dette vil òg vere i tråd med kommunelova § 13-1 og utgreiingsplikta kommunedirektøren har, som er å «påse at saken er forsvarlig utredet og gir et faktisk og rettslig grunnlag» før saka blir lagd fram for det folkevalde organet. Korleis arbeidet er i kommuneadministrasjonen, vil òg vere ansvaret til kommunedirektøren som leiar av «den samlede administrasjonen».

Samarbeid med jamleg kontakt, drøftingar og diskusjonar er viktig og bidreg til at alle i kommunen eller fylkeskommunen får ei felles forståing av kva som er utfordringane, og av korleis desse kan møtast og løysast.

Sidan planar kan omfatte bu- og nærmiljø, skolar, barnehagar, turområde, gangvegar, sykkelstiar, by- og tettstadsentera, næringsområde og park- og grøntområde, må planleggjarane samarbeide med dei verksemder i sektorane som er ansvarlege for saksområdet, jf. § 1-4 andre ledet. Medarbeidarar frå verksemder som arbeider med tekniske tenester, veg, vatn, avløp, barnehagar og skolar, helse og omsorg, kultur, idrett, fritid, bustad, næring og eigedom, må delta i planprosessen. Involvering gjeld næringsavdelinga og økonomiavdelinga òg. Dei ansvarlege for den daglege og framtidige drifta til kommunen er sentrale òg, da dei òg kan bidra både med idear og løysingar. I tillegg er samtalar om erfaringar med ulike løysingar nyttige for å sørge for at ei framtidig utforming blir betre eller like god. Det gir dessutan innsikt i kva dette dreier seg om. I tillegg er det nyttig med brukarinvolvering her.

Alle er aktuelle og nødvendige samarbeidspartnarar for å få gode universelle løysingar.

3.6.2 Råd for personar med funksjonsnedsetjing

For å sikre at grupper som elles ikkje så lett deltek i opne medverknadsprosessar, skal få anledning til det, bestemmer kommunelova § 5-12 at alle kommunar og fylkeskommunar har ei lovfesta plikt til å opprette råd for personar med funksjonsnedsetjing.

I 2019 kom ei forskrift om dei tre medverknadsorgana etter kommunelova. Forskrifta skal sikre ein brei, open og tilgjengeleg medverknad frå eldre gjennom eldrerådet i alle saker som gjeld dei, personar med funksjonsnedsetjing gjennom rådet for personar med funksjonsnedsetjing i alle saker som gjeld dei, og frå ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom i alle saker som gjeld ungdom.

Det er utarbeidd *rettleiingar* for alle dei tre råda der det går fram kva reglar som gjeld, og kva plikter kommunane har. Rettleiingane har også fleire gode eksempel på korleis råda og andre delar av kommunen kan arbeide.

Det er viktig at kommunane og fylkeskommunane vurderer om dei som skal medverke i planprosessane, har fått tilstrekkeleg kunnskap om temaet, og om dei forstår informasjonen dei får, slik at alle har det same kunnskapsnivået om planforslaget.

Kommunen og fylkeskommunane blir anbefalte å trekke råda med frå starten, og råda bør sjølve vere aktive for å få ein god dialog.

3.6.3 Medverknad frå dei som planen vedkjem

I plan- og bygningslova § 5-1 første leddet blir det sagt at «[e]nhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning». Dette betyr at statlege, regionale, kommunale og private planleggjarar må gjennomføre medverknad. Kommunen er gitt eit ekstra ansvar for å sjå til at medverknad blir gjennomført. Det står i § 5-1 femte leddet:

«Kommunen skal påse at dette [medverknaden] er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.»

Det er ikkje like lett for alle å delta i møte, lese plandokument eller brev om planarbeid. Derfor er kommunane i paragrafen tredje leddet pålagde «[...] et særlig ansvar for å sikre medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging», og fjerde leddet «Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte».

Råda for personar med funksjonsnedsetjing bør trekkjast inn tidleg i planprosessen – jo tidlegare, jo betre. Jo tidlegare ein får lagt inn dei gode løysingane, jo betre er det, det er ofte enklare og rimelegare òg.

Synfaringar er nyttige og kan gi verdifull informasjon og forståing av situasjonen.

Å korrigere eller rette opp uheldige løysingar i bygg og uteareal tek lengre tid og er dyrare enn å lage gode løysingar heilt i starten. Ofte kan rådet for personar med funksjonsnedsetjing belyse forhold planleggjarar og utbyggjarar ikkje ser. Å vurdere planar for tiltak undervegs, sjå korleis tiltaka faktisk ser ut til å bli, og vurdere heilskapen på veg til endeleg resultat er ofte nyttig. Ein kan da spare eventuelle kostnader frå justeringar etter at tiltaket er gjennomført.

3.6.4 Om regionalt planforum

Her vil vi trekke fram regionalt planforum som ein nyttig arena for å få universell utforming fram på bordet som eit omsyn alle må ta i vare. Sjå rettleiinga om regionalt planforum på www.planlegging.no.

3.7 Motsegner grunngitte i universell utforming

Fylkeskommunen og statsforvaltaren kan etter plan- og bygningslova § 5-4 fjerde leddet fremje motsegner grunngitte i universell utforming:

«Dersom planforslag er i strid med bestemmelser i loven, forskrift, statlige planretningslinjer, statlig eller regional planbestemmelse eller overordnet plan.»

Manglande universell utforming kan definerast som diskriminering i lov om likestilling og forbud mot diskriminering. Ei klage over brott på føresegnene om universell utforming kan bringast inn for Diskrimineringsnemnda etter føresegna i diskrimineringsombodsløva. Sjå meir i kapittelet «Konvensjonar, direktiv mv. om universell utforming - planlegging».

Sjå andre rettleiingar departementet har, som omtaler motsegner, på www.planlegging.no

3.8 Forholdet til forvaltningslova og klage

Forvaltningslova gjeld for behandling av saker etter plan- og bygningslova òg. Det er likevel eigne reglar om saksbehandling i plan- og bygningslova. Reglane i plan- og bygningslova går i så fall framfor reglane i forvaltningslova.

Klagereglane i forvaltningslova om for eksempel klagefrist og kven som kan klage, gjeld som elles i forvaltninga.

Plan- og bygningslova § 1-9 seier likevel at

- Det i byggesaken ikke kan klages på forhold som er avgjort i bindende reguleringsplan eller ved dispensasjon
- Statlig organ, som Sametinget, regionalt organ og kommune kan påklage enkeltvedtak som direkte berører vedkommende myndighets saksområde. Denne klageadgangen gjelder ikke i plansaker der vedkommende myndighet er gitt anledning til å fremme innsigelse.
- Det kan kun klages på samme grunnlag én gang. Det betyr at dersom det er klagd over manglende krav til opparbeidelse av uteareal i reguleringsplan, så kan man ikke begrunne en klage over gitt byggetillatelse med at det i planen ikke var stilt krav til opparbeidelse av uteareal i reguleringsplanen.

Reglane om retten til innsyn i dokument etter offentleglova og miljøinformasjonslova gjeld også for saker etter plan- og bygningslova. Retten gjeld òg for alternative utkast til planar etter plan- og bygningslova.

3.9 Nasjonale forventningar og statlege planretningslinjer

Kvart fjerde år skal regjeringa utarbeide [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#) i tråd med § 6-1. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023 blei gitt ut i mai 2019. På side 29 blir det gitt klare forventningar til at omsynet til universell utforming skal vektleggjast:

- *Kommunane planlegg for eit tilbod av tilrettelagde bustader for eldre og personar med nedsett funksjonsevne.*
- *Kommunane planlegg aktivt for å motverke og førebyggje levekårsutfordringar og medverkar til utjamning av sosiale forskjellar. Kommunane legg universell utforming til grunn i planlegginga av omgivnader og busetnad og sikrar omsynet til folkehelse i planlegginga.*

[Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging](#) legg òg klare føringer for universell utforming i planlegginga. Under punkt 4 **Retningslinjer for samordning av bolig-, areal- og transportplanleggingen blir det i 4.8 sagt:**

«Planleggingen skal ta høyde for universell utforming og tilgjengelighet for alle, og ta hensyn til den delen av befolkningen som har lav mobilitet.»

4 Regionale planoppgåver, planar og rettleiing

Regional planlegging kan gå på tvers av både kommunegrenser og tema og slik bidra til meir merksemd om universell utforming i regionalt perspektiv. Som nemnt i kapittel 1 skal sektorar i den fylkeskommunale administrasjonen som dette vedkjem, delta i den regionale planlegginga.

Fylkeskommunen skal også gi råd til og hjelpe kommunane i utarbeidingsa av kommunale planar, jf. plan- og bygningslova § 3-2. Fylkeskommunane skal i tillegg uttale seg til kommunale planforslag, og fylkeskommunen og statsforvaltaren kan fremje motsegner med grunngiving i universell utforming. Fylkeskommunane har med andre ord ei særleg viktig rolle i å bidra til at universell utforming blir sikra i kommunal planlegging.

4.1 Regional planstrategi

Regional planmyndigkeit skal minst ein gong i løpet av valperioden, seinast eitt år etter konstituering, utarbeide ein regional planstrategi i samarbeid med kommunar, statlege organ, organisasjonar og aktuelle institusjonar. Dette er eit viktig tidspunkt for å få univer-sell utforming på dagsordenen.

Planstrategien er ikkje ein plan. Planstrategien skal gjere greie for viktige utviklingstrekk og utfordringar, vurdere langsiktige utviklingsmoglegheiter og avklare kva spørsmål som skal takast opp gjennom den regionale planlegginga vidare.

Regional planstrategi skal òg innehalde oversikt over prioriterte planoppgåver og korleis dei prioriterte planoppgåvene skal følgjast opp, og presentere opplegg for medverknad. Vurderingane skal svare ut Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging som gitt opp i plan- og bygningslova § 6-1.

Utarbeidingsa av regional planstrategi er tidspunktet for å drøfte universell utforming sett i lys av regionale utfordringar: korleis universell utforming skal takast i vare i regional planlegging.

Planstrategien bør avklare korleis universell utforming skal takast i vare i all regional planlegging. Nedanfor er det lista opp nokon spørsmål som kan vere nyttige å stille i dette arbeidet.

4.1.1 Aktuelle vurderingar i arbeidet med regional planstrategi

Lista under er til refleksjon og til hjelp i drøftingar ved utarbeidning av regional planstrategi.

Vurdering av eksisterande planar og planoppfølging:

- Er universell utforming tilstrekkeleg og godt behandla i gjeldande regionale planar, og korleis er dei følgde opp i handlingsplanar og tiltak?

- Er det avklart kven som gjer kva, når og med kva ressursar?
- Kan ansvarsfordelinga tydeleggjera?

Når ny planstrategi skal utarbeidast:

- Kva er dei viktigaste regionale utviklingstrekka og utfordringane knytte til universell utforming som bør følgjast opp i den regionale planlegginga?
- Kva er status for universell utforming i dei skolane, næringsbygga og -areala, infrastrukturane som gangvegar, haldeplassar for kollektivtransporten, friluftsliv, grønstrukturane og turvegane, kulturmiljøa eller kulturarenaene som fylkeskommunen har ansvaret for?
- Er det behov for ytterlegare kartlegging? For hjelp til å velje kartleggingsmetode, sjå kapittel 5 *Kartleggingsmetoder og veiledere*.
- Er det behov for å prioritere tiltak for å oppnå universell utforming innanfor desse områda?

Sjå rettleiing om *Regional planstrategi*.

4.1.2 Planprogram

Regional planmyndigkeit skal utarbeide regionale planar for dei spørsmåla som er fastsette i den regionale planstrategien. For alle regionale planar skal det utarbeidast eit planprogram som eit ledd i varsel om oppstart, jf. § 4-1. Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosess med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad og behovet for utgreiingar.

Høyring av planprogrammet er viktig for at myndigheter og interesser som dette får følgjer for, får oversikta over aktuelle problemstillingar og korleis forslaget påverkar interessene deira. Målet er å gi anledning til tidleg medverknad, god informasjon og dialog og ein føreseeileg prosess for alle involverte. Det er viktig å involvere råda for personar med funksjonsnedsetjing i prosessen.

4.1.3 Regional plan og handlingsprogram

Regionale planar blir utarbeidde for tema som er fastsette i den regionale planstrategien.

Universell utforming bør følgjast opp i utarbeidinga av alle regionale planar, om dei er tematiske eller geografisk avgrensa. Aktuelle tematiske planar er opplæring, kultur, samferdsel, næring, fylkesbygg og andre offentlege bygg, informasjon, IKT-løysingar mv.

Dersom det er behov for å samle og konkretisere problemstillingar knytte til universell utforming på dei ulike sektorområda, kan ein eigen regional plan for universell utforming vere ei løysing. Men sidan universell utforming ofte krev tenking og handling på tvers av sektorane, er det viktig at konklusjonane i ein eventuell sektorplan blir baka inn i regional planstrategi og resten av den regionale planlegginga. Ein regional plan skal ha eit handlingsprogram. Behovet for rullering skal vurderast årleg.

Koplinga mellom planen, anbefalte tiltak og handlingsprogrammet for gjennomføring av planen, som fylket etter lova § 8-1 er plikta til å utarbeide, er særleg viktig.

Det er her ein kan tidfeste tiltaka, prioritere mellom dei og setje av ressursar til gjennomføringa. Her ser ein nytta av at fleire sektorar i fylkeskommunen deltek og drøftar dei ulike tiltaka og gjer ei felles prioritering.

4.1.4 Eksempel: universell utforming teken i vare i regionale planar

Fleire fylkeskommunar utarbeider eigne regionale temaplanar om universell utforming for å heve merksemda om og konsentrere seg meir om universell utforming i planlegginga si. Andre tek i vare universell utforming i den regionale planen. Under blir det gitt nokon beskrivingar frå fylkeskommunar som har teke i vare universell utforming i eit utval regionale planar. Beskrivingane er ikkje ei uttømmande liste.

Tidlegare Hordaland fylkeskommune¹ viser gjennom regionale planar at dei jobbar breitt med universell utforming. Dei omtaler blant anna nasjonale mål om universelt utforma reisekjeder, behov for bustader og leike- og opphaldsområde med universell utforming i areal- og transportplan for Bergens-området. Vidare er universell utforming ein viktig føresetnad i regional plan for attraktive senter i Hordaland, og universell utforming er eit viktig tema i regional plan for folkehelse.

Tidlegare Oppland fylkeskommune² slår gjennom regional plan for samferdsel fast at standarden på dei mange haldeplassane i fylket varierer, og dei færreste tilfredsstiller dagens krav til universell utforming. Planen gir retning og blir lagd til grunn for å utarbeide eigne handlingsplanar for fylkesvegane og for kollektivtransport og mobilitetsstrategi.

Møre og Romsdal³ har i sin fylkesplan, som stakar ut kurset for utviklinga av fylket i ein fireårsperiode, likestilling og inkludering som eit av dei gjennomgåande perspektiva sine – og legg der til grunn at dei fysiske forholda skal vere utforma slik at dei i så stor utstrekning som mogleg kan brukast av alle utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel. Dei gjennomgåande perspektiva i fylkesplanen skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid og legge grunnlaget for at fylkeskommunen skal kunne vareta sentrale føringar i plan- og bygningslova. Perspektiva skal vurderast for alle tiltaka i handlingsprogramma.

Rogaland har laga ein eigen *fylkesdelplan for universell utforming*. Der blir det sagt: «Fylkesdelplanen er laget for å fremme arbeidet med universell utforming. Et av hovedmålene i dette arbeidet er like levekår for alle, i alle faser av livet.»

For kvart satsingsområde i planen er det knytt til fleire mål med strategiar og tiltak. Desse gir føringar for aktørar som fylkeskommunen, kommunane, brukarorganisasjonar, næringslivet og produktutviklarar. Fleire av tiltaka har tidsfristar for gjennomføring.

¹ <https://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planerbeid/regionale-planer/regionale-planer---oversikt/>

² https://innlandetfylke.no/_f/p1/i588d1360-b99e-43ae-905a-83309cbe6991/regional_plan_for_samferdsel.pdf

³ <https://mrfylke.no/om-oss/planer-strategiar-og-rapportar/fylkesplan>

5 Kommunal planlegging

I Noreg er mykje av ansvaret for samfunnsutviklinga og arealplanlegginga lagt til kommunane. Derfor har kommunen også ei særleg viktig rolle i å sjå til at omsynet til universell utforming blir teke i vare i samfunnsplanlegginga. Planleggjarane i kommunen bør ha eit medvite forhold til korleis universell utforming skal innarbeidast som eit sentralt omsyn i dei enkelte planane, og sikre at dette blir teke i vare i alle stadium – frå planstrategien og ned til den enkelte byggjesaka.

Kommunal oversiktsplanlegging skal ifølgje § 11-1 i plan- og bygningslova omfatte samfunnsdelen i kommuneplanen med handlingsdel og arealdel. Kommunen skal også i nødvendig grad utarbeide reguleringsplanar. Planstrategien skal avklare behovet for kommunal planlegging i kommande fireårsperiode.

Kommuneplanlegginga er ein prosess frå samfunnsdelen med statusbeskriving av demografisk utvikling, folkehelse, statusen og behova i verksemndene og den økonomiske situasjonen til kommunen. Vidare skal tiltaka beskrivast i handlingsdelen, og den økonomiske prioriteringa mellom tiltaka er i økonomiplanen. I arealplanen blir prioriteringane og avgjerdene til kommunen kartfesta med dertil høyrande føresegner.

Samfunnsdelen gir politisk forankring, mens arealdelen er det viktigaste verktøyet kommunen har for styring av arealbruken i tråd med måla i samfunnsdelen om korleis kommunen skal utvikle seg.

Det er viktig at alle verksemndene i kommunen deltek i planprosessen frå innleiande drøftingar til økonomiske prioriteringar fordi det er her avgjerdene blir tekne om korleis kommunesamfunnet kan utvikle seg, og om kva tiltak som kan gjennomførast i den neste fireårsperioden.

5.1 Kommunal planstrategi

Kommunestyret skal minst ein gong i valperioden, seinast eitt år etter at det blei konstituert, lage og vedta ein communal planstrategi, jf. § 10-1. *Veileder om communal planstrategi* forklarar dette nærmare.

Planstrategien er ikkje ein plan. Planstrategien er eit verktøy til å avklare kva planoppgåver som skal prioriterast i valperioden.

Planstrategien skal blant anna drøfte dei strategiske vala til kommunen for samfunnsutviklinga.

Korleis det skal takast omsyn til universell utforming i planane til kommunen, er eit tema som skal drøftast i planstrategien. Omsynet til universell utforming i planstrategien må sjåast i samanheng med samfunnsdelen i kommuneplanen med handlingsdel, økonomiplanen, sektorplanar og arealplanar.

Det går fram av § 10-1 at kommunen bør leggje opp til brei medverknad og debatt for allmenta som grunnlag for behandlinga. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne bør kunne gi innspel til beskrivinga av status om universell utforming i kommunen, og om er det behov for delplanar om for eksempel universell utforming.

5.1.1 Aktuelle vurderingar i arbeidet med kommunal planstrategi

Lista under er til refleksjon og til hjelp i drøftingar ved utarbeiding av planstrategien.

Samfunnsutviklinga – kunnskapsgrunnlaget

- Kva er dei viktigaste utviklingstrekka i kommunen innan universell utforming?
- Er det behov for å kartleggje skolar, andre kommunale bygg, offentleg infrastruktur, barnetråkk, uteareal, friluftsområde, kulturminne eller kulturarenaer for å avklare status om dei er universelt utforma? (For hjelp til å velje kartleggingsmetode, sjå kapittel 5 *Kartleggingsmetoder og veiledere*.)
- Korleis kan kommunen bli betre på universell utforming (skolane, uteområda, bygga, tenestene, verksemduene, annan infrastruktur)?

Drøfting av eksisterande planar

- Korleis er universell utforming følgd opp i gjeldande kommuneplan og reguleringsplanar?
- Bør nokon planar eller strategiar reviderast for at universell utforming skal takast betre hand om? Er det hensiktsmessig å sjå dette arbeidet i samanheng med planlegginga i andre verksemder?

Vurdering av behovet for nye planar

- Er det behov for eigne planar for å prioritere enkelte område som er særleg viktige for å oppnå eit universelt utforma samfunn, for eksempel skolar, andre kommunale bygg, offentleg infrastruktur, uteareal, grønstruktur, friluftsområde, kulturminne, kulturarrenaer osv.?

Medverknad

- Korleis trekkje inn rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, eldreråd og ungdomsråd inn i utarbeidingsa av planstrategien?

5.1.2 Eksempel: universell utforming i planstrategiar

Under gir vi nokon eksempel på korleis eit utval kommunar har teke i vare universell utforming i planstrategien sin. Eksempla er ikkje ei uttømmande liste:

Meløy kommune⁴ vektlegg universell utforming og tilgjenge i utkast til kommunal planstrategi for Meløy 2020–2023 og i planprogram for samfunnsdelen og beskriv utfordringane kommunen har knytte til tematikken:

«Kommunen må utvikle et aldersvennlig og inkluderende lokalsamfunn, med satsing på universell utforming og tilgjengelighet i offentlige bygg og uteområder. Tilgjengeligheten er kartlagt i offentlige bygg, men fortsatt er det slik at mange tiltak gjenstår. Meløy har også for få turløyper og friluftsområder tilrettelagt for personer med funksjonsnedsettelser.»

⁴ Eksempel – lenker til viste eksempel i rettleiinga. Meløy kommune: <https://www.meloy.kommune.no/globalassets/dokumentarkiv/plan-og-naring/horinger/samfunnsdel2020/oppstart-av-arbeid-med-kommuneplanens-samfunnsdel-160420.pdf>

Oppdal kommune⁵ sin planstrategi 2020–2023 knyter universell utforming til folkehelsearbeidet kommunen gjer:

«Folkehelseplanen 2017-2021 skal revideres i planperioden. Vi vil tilrettelegge for at hele befolkningen kan ta sunne og helsefremmende valg med fokus på tilgjengelighet og helsefremmende tilrettelegging i sentrum, bo - og nærmiljø, sosiale møteplasser, nærturområder, friområder, natur og friluftsliv. Vi vil styrke samhandling og tilrettelegging for frivillig sektor, samt god livskvalitet og mestring for eldre og personer med kroniske lidelser. Omleggingen av kjøremønster som følge av ny E6 krever en sikring av gang- og sykkeltrafikk til sentralskoleanlegget og sentrumsfunksjonene, jf. universell utforming. Disse områdene blir videre fulgt opp i blant annet kommuneplanen, reguleringsplaner og planer innenfor folkehelse og omsorg.»

Oslo kommune⁶ fastset gjennom utkast til planstrategi 2020–2023 at Handlingsplan for mennesker med funksjonsnedsettelse og Prinsipper for universell utforming i Oslo kommune skal rullerast i perioden.

Etne kommune⁷ beskriv i planstrategien sin for 2016–2020 at strategiane kommunen har, er for at alle innbyggjarane skal kunne bruke bygningar og omgivnader og oppfølginga til kommunen:

«Alle innbyggjarar skal kunne nytte bygningar og omgjevnader. Dette gjeld særleg tettstadene Etnesjøen og Skånevik. Tettstadsanalysen «Etnesjøen 2020» har peikt mot dårleg tilgjenge og utforming i Etnesjøen. Det er ikkje klart skilje mellom mjuke og harde trafikkantar. Det vart også foreslått utforming av miljøgate i sentrum. Dette kan verte enklare å implementere etter omlegging av europavegen.

Strategiar: Fullføre arbeidet med gang- og sykkelvegar i tettstadene; Greie ut moglegheitene for betre samspel mellom trafikkantar i tettstadene; Legga til rette for betre samspel mellom mjuke og harde trafikkantar i tettstadene; Gjere det innbydande, og enklare, å bruke gang og sykkel i tettstadene; Informasjon om, og frå, kommunen skal vere lett tilgjengeleg på kommunen sine heimesider.

Oppfølging: Samfunnsdel til kommuneplanen (ny); Arealdel til kommuneplanen (ny); Kommunedelplan Etnesjøen; Folkehelseoversikt; Trafikksikringsplan.»

Bergen kommune skriv i sin *planstrategi* (2019–2023):

«Alle treng ein stad å bu, og byrådet meiner det er viktig at kommunen tek eit særleg ansvar for å sikre at alle bergensarar har tilgang til ein bustad, i gode nabolag som førebygger einsemd og isolasjon. Universell utforming skal ligge til grunn for all byutvikling i byen.»

I drøftinga Bergen kommune har gjort av behovet for rulling av eksisterande planar og behov for nye planar, skriv dei:

⁵ Oppdal kommune: https://www.oppdal.kommune.no/globalassets/pdfdokumenter/aktuelt/planstrategi_kunngjoring_02062020.pdf

⁶ Oslo kommune: https://tjenester.oslo.kommune.no/ekstern/einnsyn-filager/filtjeneste/fil?virksomhet=976819837&filnavn=5f0ac5fb48c54d04a52c723f968c1d60_f57899a5282fdb13dfec0c8aee49c74c.pdf

⁷ Etne kommune: <https://www.etne.kommune.no/kommunal-planstrategi-etne-kommune-2016-2020.5941056-130335.html>

«Universell utforming fremmar like mogleheter for personar med nedsett funksjons-
evne med tanke på samfunnssdeltaking og friheit i dagleglivet. Det blir lettare for alle
å bevege seg, finne fram og forstå omgivnadane. Plan for universell utforming skal
omhandle kommunen sitt arbeid med bygg, byrom og byutvikling, styrke kompetan-
sen i eigen organisasjon og bidra til å auke den allmenne forståinga av universell utfor-
ming både i kommunen som organisasjon så vel som bysamfunnet. Planarbeidet blei
starta opp av byrådet i oktober 2019 basert på planstrategi for perioden 2015–2019.»

5.2 Kommunedelplanar, temaplanar og strategiar

Mange kommunar vel å lage eigne kommunedelplanar, temaplanar eller strategiar for
å auke merksemda om universell utforming. Dette er i tråd med § 11-1 tredje ledet
som seier at «det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller
virksomhetsområder».

Både kommunedelplanar, temaplanar og strategiar kan vere gode verkemiddel for å heve
kunnskapen om og rette meir merksemd mot universell utforming i kommunen. Mange
opplever sjølve prosessen med utarbeidinga av desse planane eller strategiane som nyttig.
Det er viktig at det er samsvar mellom desse og resten av planprosessane, og at dei blir
løfta inn i arbeidet med samfunnsplanen. Slik kan dei følgjast opp i handlingsdelen og øko-
nomiplanen og bli ein del i prioriteringa kommunane gjer av ressursar.

Av og til skjer utviklinga raskt, som da dei nye sparkesyklane kom. Dersom kommunane
opplever at dei må møte endringane i samfunnet med nye tiltak utanom den normale rul-
leringa kvart fjerde år av kommuneplanen, kan utarbeiding av temaplanar eller tematiske
strategiar vere eit godt verktøy.

5.3 Samfunnsdelen i kommuneplanen

I samfunnsdelen i kommuneplanen skal kommunen vektleggje viktige utfordringar knytte
til samfunnsutviklinga, irekna utfordringar som har med miljø å gjere, og utfordringar
knytte til universell utforming, mål og strategiar for kommunenesamfunnet som heilskap og
kommunen som organisasjon, for sektorane og for utvalde målgrupper. Særleg viktig er
dette for sentrale samfunnsforhold som folkehelse, barn og unge, inkludering, integrering,
næringspolitikk m.m. Utfordringar knytte til universell utforming av tenester, bygg og infra-
struktur i kommunen skal vektleggjast.

Samfunnsdelen skal synleggjere dei strategiske vala kommunen tek. Hensikta er å beskrive
samanhengen mellom dei langsiktige måla og strategiane som blir måla ut i samfunns-
delen, og dei fysiske konsekvensane. Dette blir utdjupa i *lovkommentaren* til til plan- og
bygningslova.

Det blir understreka at det er i samfunnsdelen kommunen med utgangspunkt i vedteken
planstrategi og planprogram beskriv kva mål og delmål som skal prioritert vidare. Dette
vil så danne rammene for handlingsdelen og gi innspel til arealdelen.

Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgjast opp
dei fire påfølgjande åra eller meir, og skal reviderast årleg. Økonomiplanen kan etter

kommuneloven § 14-4 inngå i handlingsdelen. Sjå rettleiinga *Kommuneplanprosessen – samfunnssdelen – handlingsdelen*

5.3.1 Aktuelle vurderingar – samfunnssdelen i kommuneplanen

Lista under er til refleksjon og til hjelp i drøftingar ved utarbeiding av eller rullering av samfunnssdelen. Om denne blir utkvittert skriftleg, er opp til kommunen.

- Korleis skal universell utforming bli teken i vare i samfunnssdelen i kommuneplanen?
- Korleis er utviklinga i befolkninga når det gjeld fleire eldre og grupper med behov for ekstra tilrettelegging?
- Korleis skal ein jobbe med universell utforming på tvers av verksemndene i kommunen?
- Kva mål skal kommunen setje seg, og kva tiltak må kommunen setje i verk
- for å bidra til eit meir universelt utforma og inkluderande samfunn (særleg barn og unge, folkehelse, eldre, integrering og inkludering)?
- Kva arealmessige konsekvensar vil dette føre til?
- Er bygga og anlegga til kommunen universelt utforma (barne- og ungdomsskolar parkar, publikumsområde, fortau, stiar og kulturarrenaer)?
- Er det spesielt behov for strakstiltak i nokon område?
- Korleis blir dette følt opp i handlingsdelen og økonomiplanen?

Rettleiinga *Kommuneplanens samfunnssdel* utdjupar dette noko. Sjå også Barne-, ungdoms- og familiedirektoratets heimeside om Vegkart for nærskolar www.bufdir.no og andre bygg www.IK-bygg.no.

5.3.2 Eksempel: universell utforming i samfunnssdelen i kommuneplanen

Under gir vi nokon fleire eksempel på korleis eit utval kommunar har teke i vare universell utforming i samfunnssdelen i kommuneplanen. Beskrivinga av eksempla er ikkje ei uttømmande liste:

Stange kommune⁸ har i sin samfunnssdel for 2014–2026 blant anna lagt prinsippet om universell utforming til grunn for planarbeidet til kommunen og påpeiker også utfordringane kommunen har knytt til temaet:

«Tilgjengelighet for alle! Et viktig grunnlag for aktivitet, deltakelse og et inkluderende samfunn er universell utforming. Universell utforming bygger på prinsippet om at alle mennesker, så langt det lar seg gjøre, skal ha like muligheter til å benytte seg av produkter, bygg og uteområder. Hensynet til universell utforming skal ivaretas i alt kommunalt planarbeid. Tilbud og muligheter i kommunen skal synliggjøres både på nett og gjennom en god og tydelig skilting. Utfordringen for Stange kommune er at etterslepet i kommunale bygg er stort. Målet må likevel være å tenke tilgjengelighet for alle i alt vi gjør.»

Sortland kommune⁹ vektlegg i samfunnssdelen sin 2008–2020 at universell utforming er viktig både for dei som bur der, og dei som gjestar:

«En inkluderende by – universelt utformet. Sortland som by, er en viktig ressurs for alle som bor i Vesterålen og for alle som besøker regionen. Det er derfor viktig at byen gir alle like muligheter for deltakelse. Universell utforming i byutvikling innebærer at

⁸ Stange kommunenes samfunnssdel vedteke 2014: [Utkast_samf_del_versjon5_\(stange.kommune.no\)](http://Utkast_samf_del_versjon5_(stange.kommune.no))

⁹ Sortland kommune: https://www.sortland.kommune.no/_f/p4/id845a0c1-dec7-410b-b260-bebaa73f6732/strategidokumentet1.pdf

bygg og uteområder formes og vedlikeholdes på en slik måte at flest mulig kan leve, bo og bruke byen uten spesiell tilrettelegging eller hjelp. Både innbyggere og gjester møtes med omsorg, omtanke og gjestfrihet.»

Ullensaker kommune¹⁰ har i samfunnsdelen til kommuneplanen 2015–2030 universell utforming som ei viktig føring for kva som er prioriteringene til kommunen mot 2030:

«Det holdes et tydelig fokus på prinsippene om universell utforming i planlegging og utforming av bygninger, uteoppholdsarealer og friluftsområder. [Ullensaker kommunes oppgaver] Sørge for at kommunale bygg og øvrige publikumsbygg er tilgjengelige for alle og at universell utforming gjøres mer brukervennlig. God og aktiv brukermedvirkning er viktig for å oppnå gode og funksjonelle løsninger.»

Time kommune¹¹ sin kommuneplan 2015–2027 byggjer vidare på ein fylkesdelplan for universell utforming og vektlegg universell utforming blant anna i omtale av helse og livskvalitet og under deltaking og aktivitet:

«Med stor byggjeaktivitet i kommunen er det viktig å verna og sikra grøntområde, møteplassar og leikeplassar. God planlegging og universell utforming av bygningar og uteområde verkar positivt inn på helse og livskvalitet og vernar mot risikofaktorar. [...] I kommunen er universell utforming et prinsipp som vert tatt med i alle planprosessar og byggjeprosjekt slik at publikumsbygg, tur- og friområde, bustader, vegar og tiltak langs kollektivtransportaksane kan brukast av alle menneske utan spesiell tilpassing.»

Tidlegare Fusa kommunes¹² samfunnsdel har tre hovudsatsingsområde:

- Berekraftige lokalsamfunn
- Treffsikre kommunale tenester
- Samhandling og samarbeid

Dei skriv der:

«Innanfor satsingsområdet «berekraftige lokalsamfunn» skal hovudfokus vera på Fusa som naturkommune, bukommune og arbeidskommune. Omgrepet «berekraft» har òg ein sosial og kulturell dimensjon. Vi vil at innbyggjarane våre skal oppleva livskvalitet. Vi vil at Fusa skal vera ein trygg og god bukommune.»

Satsingsområde 1, Berekraftige lokalsamfunn, har som mål: «Bukommunen Fusa – TRIVSEL FOR ALLE». Under dette målet står det blant anna:

«Vi satsar på eit variert fritidstilbod for alle og fleire sosiale møteplassar ved bla å: Satsa aktivt på universell utforming slik at alle har gode føresetnader for å ta del i fritidsaktivitetar, uavhengig av funksjonsevne.»

¹⁰ Ullensaker kommunes samfunnsdel: kommuneplanens-samfunnsdel-endret-etter-vedtak.pdf (ullensaker.kommune.no)

¹¹ Time kommune: https://m.time.kommune.no/_fp1/ia0156489-0975-42d2-a06e-da46e6faffba/kommuneplan-samfunnsdelen.pdf

¹² Fusa kommunes samfunnsdel: untitled.bjornafjorden.kommune.no

5.4 Arealdelen i kommuneplanen

Arealdelen i kommuneplanen skal byggje på samfunnssdelen og følgje opp mål og strategiar som er vedtekne der. Arealdelen er det viktigaste verktøyet kommunen har for å styre arealbruken i tråd med måla i samfunnssdelen om korleis kommunen skal utvikle seg. Kommunen skal ha ein arealdelen for heile kommunen, men det kan òg lagast kommunedelplanar for delar av kommunen, for eksempel for ein tettstad, ei kystsone eller eit fjellområde. Rettleiinga om arealdelen i kommuneplanen har meir informasjon om planprosess og utforming av arealdelen i kommuneplanen, sjå [planlegging.no](#).

Arealdelen er ein vesentleg del av det langsiktige plangrunnlaget til kommunen og skal vise samanhengen mellom samfunnsutviklinga og den framtidige arealbruken. Det er i arealdelen at grunnlaget for utforming og utvikling av det fysiske miljøet blir lagt. Det er kommunen sjølv som fattar vedtak om bindande arealplan, og som gjennom denne planen kan sikre kvalitetar og verdiar i det fysiske miljøet som må takast omsyn til ved utbygging.

For alle kommuneplanar som kan få vesentlege utslag for miljø og samfunn, skal det utarbeidast eit planprogram, jf. § 4-1. Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosess med fristar og deltakarar, behov for utgreiingar og opplegg for medverknad, spesielt med tanke på grupper ein kan anta dette vil vedkomme særleg.

Planprogrammet skal òg gjere greie for planprosessen med framdriftsplan og opplegg for medverknad, spesielt overfor grupper ein antek dette vil vedkomme spesielt. Det er viktig å involvere grupper som råd for personar med funksjonsnedsetjingar og eldrerådet i prosessen, og slik kan rådet avtale med kommunen når i planprosessen det skal trekkjast inn og gi høyringsutsegner.

Alle forslag til planar skal etter lova ha ei planbeskriving som beskriv formålet med, hovudinnehaldet i og verknader i planen og korleis forholdet er mellom planen og rammer og retningslinjer som gjeld for området, jf. § 4-2. Planbeskrivinga bør omtale korleis ein skal ta i vare universell utforming i planforslaget og eventuelt i påfølgjande byggjesak.

5.4.1 Føresegner i arealdelen av kommuneplanen

Kommunane kan uavhengig av arealformål vedta føresegner til arealdelen i kommuneplanen om byggjegrenser, utbyggingsvolum, funksjonskrav, irekna om universell utforming, jf. § 11-9 punkt 5.

I tråd med dette kan universell utforming leggjast til grunn for alle arealformåla som er lista opp i § 11-7, særleg viktige blir nr. 1, 2 og 3, som omhandlar høvesvis busetnad og anlegg, samferdselsanlegg, teknisk infrastruktur og grønstruktur.

For desse arealformåla kan kommunen etter § 11-10 punkta 2 og 3 gi føresegner om fysisk utforming av anlegg og kva areal som skal vere til offentlege formål eller fellesareal.

Det som blir fastsett i arealdelen i kommuneplanen, angår heile befolkninga, og det er derfor viktig at kommunen jobbar aktivt med å involvere ulike grupper gjennom heile planprosessen. Planleggjarane i kommunen bør i den innleiande fasen av planarbeidet lage eit opplegg for korleis ein skal involvere grupper med særskilde behov for tilrettelegging, som råd for personar med funksjonsnedsetjing, eldreråd og barn og unge. Medverknadsopplegget skal beskrivast i forslag til planprogram. Gjennom god medverknad frå ulike grupper vil ein ved utarbeidninga av planforslaget kunne få nødvendige innspel og

synspunkt på kva som er viktig for å få til universelle løysingar i det fysiske miljøet, og kva omsyn som blir særleg viktige i neste fase med reguleringsplan, og som bør fastsetjast i arealdelen.

Kommunen kan etter § 11-9 nr. 8 gi føresegns om forhold som skal avklarast og belysast i det vidare reguleringsarbeidet. Når det gjeld universell utforming, kan kommunen bestemme at det i reguleringsplanen skal avklarast og belysast korleis universell utforming er teken i vare i uteareal, gangvegar, fellesområde, leikeplassar mv., og kva vurderingar som er tekne.

Dersom kommunen ønsker å gi føringar om løysingar eller beskrivingar, bør kommunane bruke dei juridiske verkemidla.

5.4.2 Utbyggingsavtalar

Plan- og bygningslova § 11-9 nr. 2 gir kommunen moglegheita til for å gi føresegner til arealdelen i kommuneplanen om utbyggingsavtalar etter § 17-2. Det er føreseggnene om utbyggingsavtalar som gir rammene for kva som kan takast inn i vedtaket og føreseggnene. Ein utbyggingsavtale vil vanlegvis vere knytt til reguleringsplanar som legg til rette for privat utbygging av vanlege byggjeformål som bustad, næring, hytter, samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur i tillegg til grønstruktur.

I den grad det i arealdelen i kommuneplanen blir gitt føresegner om universell utforming for reguleringsplanar, jf. § 12-7 nr. 4 (funksjons- og kvalitetskrav til bygningar, anlegg og uteareal, irekna krav for å sikre omsynet til helse, miljø, sikkerheit, universell utforming og det særlege behovet barn har for leike- og oppholdsareal ute), kan ein utbyggingsavtale omhandle universell utforming.

5.4.3 Aktuelle vurderingar: arealdelen i kommuneplanen

Lista under er til refleksjon og til hjelp i drøftingar ved utarbeidninga av arealdelen. Om denne blir utkvittert skriftleg, er opp til kommunen.

- Korleis skal føringane i samfunnssdelen og arealstrategien for universell utforming opp i arealdelen?
- Er gjeldande føresegner i arealdelen hensiktsmessige for å ta i vare omsynet til universell utforming?
- Ønskjer kommunen for eksempel å styre plasseringa og utforminga av viktige fellesfunksjonar som leikeplassar, parkar og/eller parkeringsplassar for å oppnå at desse blir universelt utforma og tilgjengelege for alle?
- Er det hensiktsmessig med ei føresegn om utbyggingsavtalar i arealdelen i kommuneplanen for å sikre at universell utforming blir teken i vare i reguleringsplanar?

5.4.4 Eksempel: universell utforming i arealdelen i kommuneplanen

Under gir vi nokon eksempel på korleis nokon kommunar har teke i vare universell utforming i arealdelen i kommuneplanen. Eksempla er ikkje uttømmande med omsyn til korleis universell utforming kan takast i vare gjennom arealdelen i kommuneplanen, men gir eit inntrykk av ulike måtar kommunane kan vurdere å ta omsyn til ambisjonane for universell utforming på.

Eksempel 1: Bergen kommune

Bergen kommune har Generelle føresegner i arealdelen i kommuneplanen og Retningslinjer som inneholder «målsettinger og veiledning ved bruk av bestemmelser». Av generelle føresegner er for eksempel den innleide føresegna:

§ 1 Formål (pbl § 11-5, jf. §§ 3-1 og 1-1)

Kommuneplanens areal del skal bidra til å oppnå målene som er stilt i kommuneplanens samfunnssdel. Det pekes spesielt på at vi må:

- sørge for en grønn, bærekraftig og klimanøytral byutvikling
- fremme inkludering, likeverd og utjevne levekårsforskjeller
- fremme folkehelse og forebygge sykdom
- sikre gode oppvekstmiljø for barn og unge
- [...]

§ 7 Levekår (pbl § 3-1 første ledd, bokstav e og f)

7.1 Folkehelseplanen og kunnskap om levekår skal legges til grunn for all planlegging. Planforslag skal redegjøre for hvordan planen vil bidra til å oppnå kommunens mål for folkehelse og levekår.

7.2 Spesielt for levekårssoner: - 10 soner med høyest indeks: Tiltak som kan ha negativ effekt på levekår bør ikke tillates - 10 soner med høyest barneutflytting: Det skal legges spesiell vekt på gode kvaliteter for barnefamilier Byutviklingen skal bidra til å fremme god folkehelse, og til reduksjon av sosiale forskjeller

§ 8 Arkitektur og byform (pbl § 11-9 nr 6, jf. § 29-2)

8.2.3 Ny byutvikling skal planlegges i en menneskelig skala, med et finmasket byromsforløp der menneskets opplevelse fra gateplan gir premisser for bygningsutformingen

8.2.6 Det skal sikres kvalitet i arkitektur og byromsutforming. Det skal legges vekt på nytenking, universell utforming og innovasjon for bygninger og byrom med viktige allmenne funksjoner.

§ 15 Universell utforming (pbl § 11-9 nr 5)

Reguleringsplaner skal redegjøre for universell utforming både internt i planområdet og i sammenheng med omgivelsene. Der det kan oppstå konflikt mellom ulike hensyn skal planarbeidet avveie alternative løsninger basert på prinsippet om inkludering og likeverd.

§ 16 Mobilitet (pbl §§ 11-9 nr 3)

16.1 Gående, syklende og kollektivtransport skal prioriteres ved planlegging av transportsystemet. 16.2 Ved regulering av tiltak etter §§ 26 og 27 (bebyggelse og anlegg) større enn 5000 m² BRA, eller som beregnes å gi mer enn 50 arbeidsplasser skal det utarbeides mobilitetsplan.

Retningslinjer som inneholder «målsettinger og veiledning ved bruk av bestemmelser»:

Mobilitetsplan skal blant annet redegjøre for (utdrag):

- Hvordan det legges til rette for å begrense transportbehovet, fremme miljøvennlig transport og sikre trygg varelevering, parkering og tilkomst for alle
- Universell tilgjengelighet

Eksempel 2: Tidlegare Os kommune, no Bjørnafjorden

Tidlegare Os kommune (no Bjørnafjorden kommune) sa i si Planbeskriving til arealdelen i kommuneplanen (2012–2023) at universell utforming skal vere eit grunnprinsipp for stadutviklinga si (sjå 2.1 under). Følgjande blir sagt i relasjon til universell utforming (utdrag):

2 RAMMER OG FØRESETNADER FOR PLANARBEIDET

I utarbeiding av kommuneplanens arealdel skal ein legge til grunn føringer som for eksempel lovverk, forskrifter, rikspolitiske retningslinjer og fylkesplanar. Os kommune har også eigne planar og utgreiingar som skal vere grunnlag for planlegginga.

2.1 OVERORDNA FØRINGAR

Universell utforming

Universell utforming har stort fokus i nasjonale strategiar, for å bidra til eit lett tilgjengeleg samfunn for alle og hindre diskriminering. Utforming og tilrettelegging av fysiske forhold fremjar like moglegheiter til samfunnsdeltaking. Ny teknisk forskrift (Forskrift om krav til byggverk, heimla i byggesaksdelen av ny plan- og bygningslov), konkretiserar prinsippet om universell utforming.

I tillegg set Fylkesdelplan Deltaking for alle – Universell utforming 2006-2009 som mål at universell utforming skal vere ein premiss i kommuneplaner og reguleringsplanar.

I samband med tettstadsutvikling og fokus på forsterking av tettstadsstrukturen i Os kommune, vil universell utforming vere eit grunnprinsipp.

Arealdelen til kommuneplanen for Os 2012 – 2023.

5 FØRESEGNER OG RETNINGSLINJER TIL AREALDELEN

Planen er heimla i PBL § 5.

Føresegnerne til arealplanen er ein del av planen, og har juridisk verknad på lik linje med plankartet. Desse er skrivne som nummererte kulepunkt.

Retningslinjene er ikkje juridisk bindande, men er retningsgjevande og gjev utfyllande opplysningar til føresegnerne.

5.3.1 GENERELLE RETNINGSLINJER

[...]

5. Ved utbygging og gjennomføring av tiltak bør det i størst mogeleg grad sikrast god tilgjenge for alle, til dømes rørslehemma, orienteringshemma og miljøhemma (universell utforming). Bygningar og anlegg skal gjevast universell utforming slik at dei kan brukast på like vilkår av så stor del av innbuarane som mogeleg.

Eksempel 3: Trondheim kommune

I rettleiinga *Krav til uterom* knytt til arealdelen i kommuneplanen 2012–2024 set kommunen krav om universell utforming av uteom (utdrag):

Krav til uterom - veileder Kommuneplanens areal del 2012-2024 Vedlegg 16.

Retningslinjer og bestemmelser KPA 12-24 30.

Uterom for bolig

§ 30.1 Uterom skal være mest mulig sammenhengende, ha gode solforhold, tilfredsstilende støynivå og være skjermet mot motorisert trafikk og forurensning.

§ 30.2 Uterom for felles bruk skal utformes etter prinsippene om universell utforming. Uterommet skal være godt egnet som sosial møteplass for alle aldersgrupper og utformes slik at det kan brukes til alle årstider

Eksempel 4: Trondheim kommune

I Trondheim kommunes Kommunedelplan Lade, Rotvoll, Leangen gir kommunen føreseger om dokumentasjon og beskrivingar knytte til omsynet til universell utforming:

Bestemmelser:

3 SPESIELLE KRAV TIL DOKUMENTASJON I PLAN- OG BYGGESEAKER

3.3 Tilgjengelighet

Ved all planlegging og utbygging i området skal det dokumenteres hvordan det er tatt hensyn til tilgjengelighet for alle og universell utforming.

7 UTFORMING AV UTEROM

7.1 Innenfor hvert byggeområde skal det avsettes nok ubebygd areal til å få gode uteom og uteom med tilstrekkelig oppholdsareal, vrimleareal og møteplasser og eventuell bakkeparkering. Uterom bør tilrettelegges for alle brukergrupper og opparbeides med grøntanlegg, benker, lekeapparater, ha gode solforhold og være belyst.

8. UTFORMING OG BRUK AV FRIOMRÅDER

8.1 Framtidig bydelspark, F1 (Lade) Området skal opparbeides som bydelspark. Minimum 8 daa av området skal opparbeides som bymessig park med parkbeplantning, benker, lekeapparater og kunstnerisk utsmykking. Øvrige deler av parken skal opparbeides som robust lek-, aktivitets- og oppholdsområde; med balløkke, lekeapparater, akemuligheter og slitasjesterk naturlig vegetasjon. I sonen langs Jarlevegen, Lade allé og Haakon VII's gate skal det etableres en flersjiktet vegetasjonssone, eventuelt kombinert med støyskjermmer/støyvoller. Bydelsparken bør ha belysning.

Ladeparken, omtalt i rapporten: *Ladeparken – universell utforming Vedlegg til årsrapport 2011 ressurskommune i universell utforming.*

5.5 Reguleringsplanar

Reguleringsplan er eit arealplankart med tilhøyrande føresegner og beskriving som angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgivnader, jf. plan- og bygningslova § 12-1. Reguleringsplanen skal følgje opp føringer gitte i arealdelen til kommuneplanen. Lova stiller krav om reguleringsplan for store tiltak. I tillegg kan kommunen stille krav om reguleringsplan i arealdelen i kommuneplanen.

Det er to typar reguleringsplanar: områderegulering og detaljregulering. Områderegulering skal gi detaljerte områdevise avklaringar der kommunen ser behov for dette, mens detaljregulering er ein plan for gjennomføringa av byggje- og anleggstiltak, fleirbruk og vern. Detaljregulering skal brukast for å følgje opp arealdelen i kommuneplanen og områderegulering.

Reglar om oppstartfasen er gitte i plan- og bygningslova § 12-8. Kongen har fastsett ei eiga forskrift om behandlinga av private planforslag, jf. [forskrift 8. desember 2017 nr. 1950 om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven](#). Det er naturleg at forslagsstiller i denne fasen også innhentar relevant og nødvendig planinformasjon frå kommunen og elles avklarer kva juridiske rammer og skrankar som det er nødvendig å rette seg etter ved ei utbygging av eigedommen. Dette vil for eksempel kunne omfatte eigedomsinformasjon, innhaldet i overordna arealplanar, krav til reguleringsplan i tillegg til retningslinjer og føringer som elles måtte gjelde for området eller eigedommen frå myndighetene. Meir informasjon finst i rettleiinga frå departementet: [Veileder om reguleringsplan](#).

5.5.1 Planprogram

Det skal etter § 4-1 utarbeidast planprogram dersom reguleringsplanen kan få vesentlege utslag for miljø og samfunn. Som ledd i varslinga av planoppstarten skal det utarbeidast planprogram som grunnlag for planarbeidet.

Planprogrammet skal gjere greie for målet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltaradar, opplegget for medverknad, spesielt overfor grupper ein må gå ut frå dette vil vedkomme særleg, kva alternativ som vil bli vurderte, og behovet for utgreiingar.

5.5.2 Planbeskriving og konsekvensutgreiing

Alle forslag til planar skal ha ei planbeskriving som fortel kva formålet med planen er, hovudinnhaldet, verknader og korleis forholdet er mellom planen og rammer og retningslinjer som gjeld for området.

Reguleringsplanar som kan få vesentlege utslag for miljø og samfunn, skal i planbeskrivinga gi ei eiga vurdering og konsekvensutgreiing av verknadene planen har for miljø og samfunn.

5.5.3 Føresegner til bruk i reguleringsplanar

Etter § 12-7 kan kommunen gi føresegner som bidreg til å skape universelt utforma område.

Etter § 12-7 nr. 4 kan det givast føresegner om

«funksjons- og kvalitetskrav til bygninger, anlegg og utearealer, herunder krav for å sikre hensynet til helse, miljø, sikkerhet, universell utforming og barns særlige behov for leke- og uteoppholdsareal.»

Etter § 12-7 nr. 5 kan det blant anna relatert til eit område givast føresegner om nærmare krav til tilgjenge og om utforming av bustader der det er hensiktsmessig for spesielle behov.

Etter § 12-7 nr. 10 blir det gitt føresegner med krav om særskild rekkjefølgje for gjennomføringa av tiltak etter planen og at utbygging av eit område ikkje kan skje før tekniske anlegg og samfunnstenester som (utdrag) «*transport, vegnett, friområder er tilstrekkelig etablert*».

Etter § 12-7 nr. 11 kan det òg givast føresegner om krav om detaljregulering for delar av eit planområde og eller bestemte typar av tiltak og retningslinjer for slik plan.

Etter § 12-7 nr. 12 kan kommunen gi føresegner «om nærmere undersøkelser før gjennomføringa av planen, samt undersøkelser med sikte på [...] og klargjøre virkninger for miljø,[...] og tilgjengelighet for alle [...] ved gjennomføring av planene og enkeltvedtak i den».

Og ut frå nr. 14. kan det bestemmost kva areal som skal vere til offentlege formål eller fellesareal.

Føresegner gitte i reguleringsplanar skal etterlevast i byggjesaka, samtidig som tekniske krav til universell utforming i bygg og uteareal blir regulerte gjennom byggteknisk forskrift (TEK).

5.5.4 Aktuelle vurderingstema – reguleringsplanar

Spørsmåla under er til refleksjon og til hjelp i drøftingar ved utarbeiding og behandling av reguleringsplanar.

- Kva føresegner, rekkjefølgjekrav og retningslinjer finst i dei overordna planane kommunen har for det aktuelle området (samfunnsdel, arealdel og eventuell kommunedelplan)?
- Korleis skal desse følgjast opp i reguleringsplanen og i planprosessen, blant anna i opplegga for medverknad?

5.5.5 Eksempel: universell utforming i reguleringsplanar

Hamaren aktivitetspark i Fyresdal

Spektakulær natur med høge fjell, djupe fjordar og kupert terrenget er ikkje tilgjengeleg for alle, sjølv om dei bur rett i nærleiken. Eldre, småbarnsfamiliar, personar med nedsett funksjonsevne og framandkulturelle utan kunnskap om tøff natur har derfor store problem med å bruke naturen til helsefremjande fysisk aktivitet og sanseopplevelingar. Dette ønskte Fyresdal kommune å gjere noko med ved å tilby ein sentrumsnær universelt utforma aktivitetspark.

Parken ligg rett ved barnehage, skole og eldre- og sjukeheim. Fysisk aktivitet i naturen er eit effektivt verkemiddel for å betre folkehelsa. Parken er dessutan blitt eit sosialt samlingspunkt for alle innbyggjarane uansett etnisitet, alder eller funksjonsevne, noko som aukar trivselen for alle.

Heile turvegen er universelt utforma og passar for alle brukargrupper. Total lengd er cirka 2,4 km i lett terrenget, og dei mest brukte stiane er skilta og merkte av på kartet.

Aktivitetsparken vann innovasjonsprisen for universell utforming i kategorien landskapsarkitektur i 2017.



Foto: Fyresdal Kommune.

Les meir om prosjektet:

- Visit Telemark: [*Hamaren aktivitetspark*](#).
- DOGA: [*Hamaren aktivitetspark*](#).

Schandorffs plass, Oslo

Schandorffs plass er ei tidlegare gate omregulert til friområde (park/plass) sentralt i Oslo. Gata enda tidlegare i ein bevaringsverdig mur og var berre mogleg å krysse via trapper med ein høgdeforskjell på sju meter. Ved omreguleringa og prosjekteringa blei det valt å gjere universell utforming til eit hovudmotiv for utforminga av parken. (Kjelde: [Schandorffs plass | DOGA](#))

Reguleringsplanen omfatta eit større bygg, friområdet som utgjer plassen, og noko tilgrensande gateareal. Universell utforming av friområdet er sikra i reguleringsplanen gjennom denne føresegna:

«§ 6. Friområde: Park/plass i Schandorffs gate opparbeides med steinbelegg og beplantning med utgangspunkt i illustrasjonsplan og krav til universell utforming. Utformingen av parken skal skje i samarbeid med Friluftsetaten og Byantikvaren. Parken skal være ferdig opparbeidet ved utgang av påfølgende sommer etter at midlertidig brukstillatelse for nybygg er gitt.» (Kjelde: <https://innsyn.pbe.oslo.kommune.no/saksinnsyn/showregbest.asp?planid=91052263>)

Plassen vann innovasjonsprisen for universell utforming i kategorien landskapsarkitektur i 2011.



Schandorffs plass sto ferdig i 2009 og vart teikna av landskapsarkitektane Østengen & Bergo AS.
Foto: Østengen & Bergo.



Schandorffs plass sto ferdig i 2009 og vart teikna av landskapsarkitektane Østengen & Bergo AS.

Foto: Østengen & Bergo.

Les meir om prosjektet her:

- [Norske landskapsarkitekters forening](#)
- DOGA: [Schandorffs plass](#)
- [Filmer om universell utforming](#)

6 Frå plan til byggjesak

Universell utforming dreier seg om utforming og tilrettelegging av fysiske forhold for å fremje like mogleigheter til samfunnssdeltaking, det vil seie at dei same løysingane skal kunne brukast av alle, uavhengig av funksjonsevne.

Plan- og bygningslova § 1-1 angir kva overordna omsyn som skal takast i vare gjennom planlegging og byggjesaksbehandling. Det følger av føresegna femte ledet at «*prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak*».

Plan- og bygningslova bruker omgrepet «universell utforming» på to måtar: 1) som prinsipp og 2) som eit materielt krav.

Prinsippet om universell utforming gjeld for heile lova. Prinsippet om universell utforming skal derfor leggjast til grunn for krav om tilgjenge i bustader òg.

Materielle krav kan givast i form av føresegner knytte til dei ulike planane i plan- og bygningslova (sjå omtale i kvar plantype i denne rettleiinga).

Når det gjeld krava til det enkelte byggetiltaket, gjeld i tillegg materielle krav i *Forskrift om tekniske krav til byggverk* (byggteknisk forskrift) der kravsnivået for universell utforming og tilgjenge blir gitt for publikumsbygg, arbeidsbygg og bustader, ureka tilhøyrande uteområde.

Kravsnivå i byggteknisk forskrift er minimumskrava for å sikre gode løysingar som kan brukast av alle for dei fleste tiltaka.

Der det er spesielle behov, kan det likevel vurderast eigne reguleringsføresegner for uteområde.

Sjå reguleringsplanrettleiinga på www.planlegging.no og *byggteknisk forskrift*.

7 Universell utforming bidreg til å nå bærekraftsmåla

Universell utforming av dei bygde omgivnadene er eit viktig verkemiddel for at alle skal kunne delta i samfunnsutviklinga, og dermed også for at berekraftsmåla skal nåast. Planlegging som tek i vare universell utforming av dei bygde omgivnadene, bidreg til måloppnåing på ei rekkje berekraftsmål. Det er derfor viktig at prinsipp for tilgjenge og universell utforming blir lagde til grunn i den overordna samfunns- og arealplanlegginga og i dei fysiske løysingane som blir tekne i vare i den enkelte detaljplanen.

Universell utforming i planlegging, prosjektering og rehabilitering av bygg og uteområde i barnehagar, skolar, utdanningsinstitusjonar og andre bygg for allmenta er viktige bidrag til måloppnåing på berekraftsmål 4 om god utdanning og mål 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst. Delmål 4.5 handlar blant anna om å sikre lik tilgang til alle nivå innanfor utdanning og yrkesfagleg opplæring for sårbare grupper og delmål 8.5 om å oppnå full og produktiv sysselsetjing og anstendig arbeid for alle, inkludert personar med nedsett funksjonsevne.

Nedbygging av fysiske barrierar i bustader, transportinfrastruktur og omgivnader er eit gjennomgåande prinsipp i mål 11 om berekraftige byar og lokalsamfunn. Delmål 11.1 handlar om at alle har tilgang til tilfredsstillande og trygge bustader og grunnleggjande tenester til ein overkommeleg pris. Delmål 11.2 handlar blant anna om at alle har tilgang til trygge, tilgjengelege og berekraftige transportsystem, og delmål 11.7 handlar om allmenn tilgang til trygge, inkluderande og lett tilgjengelege grøntområde og offentlege rom. Kvinner, barn og eldre og personar med nedsett funksjonsevne er trekte fram som særleg viktige under begge delmåla.

Universell utforming av dei fysiske omgivnadene gjer det mogleg å delta i samfunnet og bidreg til å utjamne forskjellar mellom menneske. Dette er dermed viktig for berekraftsmål 10 om mindre ulikskap. Eit anna gjennomgåande prinsipp i berekraftsmåla er involvering og medverknad. Delmål 11.3 handlar blant anna om å styrke moglegheita for ei deltakande, integrert og berekraftig samfunnsplanlegging og forvaltning. Utforminga av dei fysiske omgivnadene og medverknaden i planprosessar er viktige bidrag for dette. Dette er òg viktig i berekraftsmål 16 om fred, rettferd og velfungerande institusjonar. Mål 16.7 handlar om å sikre lydhøyre, inkluderande, deltokingsbaserte og representative avgjerder på alle nivå og delmål 16 b) om å fremje og handheve ikkje-diskriminerande lover og politikk for berekraftig utvikling.

Eit gjennomgripande prinsipp i Agenda 2030 er berekraftsmål 17 om samarbeid for å nå måla. For å bidra til eit universelt utforma samfunn der flest mogleg kan delta, krevst det samarbeid og innsats frå alle involverte aktørar – offentlege myndigheter, planleggjarar, prosjekterande og utførande.

8 Konvensjonar, direktiv mv. om universell utforming – planlegging

8.1 FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne

Konvensjonen (frå 2006) skal bidra til å motverke diskriminering på grunn av funksjonsnedsetjingar. Han skal sikre respekt for dei gjeldande sivile, politiske, økonomiske, sosiale og kulturelle rettane til menneske med nedsett funksjonsevne. Noreg ratifiserte konvensjonen i 2013.

Myndighetene har hovudansvaret for iverksetjinga av FN-konvensjonen og har gjennom ratifiseringa forplikta seg til å følgje konvensjonen. Universell utforming i planlegging er ein måte å følgje forpliktingane på.

8.2 Lov om likestilling og forbud mot diskriminering

Lov om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringslova) som tredde i kraft 1. januar 2018, har som formål å fremje likestilling og hindre diskriminering. Ho er eit verkemiddel for at vi oppnår likestilling og deltaking for personar med nedsett funksjonsevne. Lova forbyr direkte og indirekte diskriminering på grunn av blant anna funksjonsnedsetjing. Lova gjeld alle samfunnsområde.

§ 1 Formål

«Lovens formål er å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgaver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder og andre vesentlige forhold ved en person.»

Med likestilling menes likeverd, like muligheter og like rettigheter. Likestilling forutsetter tilgjengelighet og tilrettelegging.

Loven tar særlig sikte på å bedre kvinners og minoritetene stilling. Loven skal bidra til å bygge ned samfunnsskapte funksjonshemmende barrierer, og hindre at nye skapes.

§ 12.Brudd på plikten til universell utforming eller individuell tilrettelegging
Brudd på §§ 17 og 18 om universell utforming og §§ 20, 21, 22 og 23 om individuell tilrettelegging regnes som diskriminering.

Diskriminering som skyldes mangelfull fysisk tilrettelegging, er uttømmende regulert i §§ 17 til 23 for de rettssubjektene og på de områdene disse bestemmelsene gjelder.

Likestillings- og diskrimineringslova § 17 første leddet om universell utforming har denne ordlyden:

«Offentlige og private virksomheter rettet mot allmennheten har plikt til universell utforming av virksomhetens alminnelige funksjoner.

Med universell utforming menes utforming eller tilrettelegging av hovedløsningen i de fysiske forholdene, inkludert informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), slik at virksomhetens alminnelige funksjoner kan benyttes av flest mulig, uavhengig av funksjonsnedsettelse.»

Fjerde leddet i paragrafen lyder slik:

«Plikten etter første ledd anses som oppfylt dersom virksomheten oppfyller krav til universell utforming i lov eller forskrift.»

Likestillings- og diskrimineringslova § 35 fastslår at Diskrimineringsnemnda har myndighet til å handheve lova etter føresegnehenvetene i diskrimineringsombodslova.

Dersom det ligg føre brott på føresegnehenvetene om universell utforming, kan sak bringast inn for Diskrimineringsnemnda til behandling. Det er Diskrimineringsnemnda som behandler klager over diskriminering eller trakassering etter likestillings- og diskrimineringslova. Diskrimineringsnemnda er eit alternativ til domstolen og behandler klagesaker gratis. www.diskrimineringsnemda.no.

Likestillings- og diskrimineringsombodet gir rettleiing i spørsmål som angår likestilling og diskriminering. Kjelde: Likestilling- og diskrimineringsombodet, www.Ido.no.

8.3 Lov om kommuner og fylkeskommuner

I tråd med § 5-2 i lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) av 2018 skal kommunestyret og fylkestinget velje eit råd for personar med nedsett funksjonsevne. I den nye kommunelova som tredde i kraft hausten 2019, blei kommunane og fylkeskommunane også pålagde å velje eit eldreråd og eit ungdomsråd eller eit anna organ for medverknad for ungdom.

I 2019 blei det laga forskrift med utfyllande reglar for råda. Forskrifta presiserer at råda har rett til å uttale seg om alle typar saker som gjeld desse gruppene. Råda kan òg få møte- og talerett i folkevalde organ. Det er laga rettleiingar for alle dei tre ordningane, sjå under.

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne er eit rådgivande organ for kommunen og fylkeskommunen. Rådet har ein lovpålagd rett til å uttale seg i saker som gjeld personar med nedsett funksjonsevne. Anbefalingar frå rådet i konkrete saker vil vere ein del av grunnlaget for avgjørda som kommunen eller fylkeskommunen tek.

Sjå her på regjeringa.no [om rettleiingar og råd](#) for meir informasjon.

9 Kartleggingsmetodar og rettleiingar

Nettsider:

- Barne-, ungdoms- og familiedirektoratets side [Universell utforming](#)
- KS' sider om [universell utforming](#), med nettverk, eksempel og rettleiingar
- [NALs](#) nettsider om universell utforming med informasjon, prosjekt, kurs mv.
- [Statens vegvesen](#) om universell utforming i transportsektoren

Kartleggingsmetodar:

- Statens kartverk har ein metode som [kartlegg](#) i kva grad inngangsparti tilhøyrande offentlege bygningar og offentlege friluftsområde i kommunen er tilgjengelege for rørsle- og synshemja. Fylkeskommunar og kommunar, eventuelt saman med frivillige organisasjonar, kan søkje om midlar frå Kartverket til å gjennomføre metoden.
- Barne-, ungdoms- og familiedirektoratets [Vegkart](#) for universelt utforma nærskole
- Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har også [tilskot](#) til kunnskapsutvikling, kompetanseheving og informasjon innan universell utforming. Mellom anna kan kommunar søke på tilskot til kartlegging av universell utforming av grunnskular.

Andre rettleiingar:

- [Rettleiingar](#) for råd for personar med nedsett funksjonsevne, eldreråd og eit ungdomsråd eller eit anna organ for medverknad for ungdom

Elles anbefaler vi rettleiingane på Kommunal- og moderniseringsdepartementets nettside om planlegging: www.planlegging.no.

Utgjeva av:
Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Kontakt: postmottak@kmd.dep.no

Publikasjonskode: H-2480 N
Forsidebilde: Marianne Gjørv